


Veg i Vest



BEDRIFTSAVIS FOR VEGVESENET

VEGDIREKTORATET
16 HORDALAND
BIBLIOTEKET



Nr. 4 1980 Årg. 4

Redaktør:
Ragnhild Øverland
Arnesen

Redaksjonsråd:
Josef Martinsen
Per S. Myhren
Bjørn Langedal
Konrad Ulvatn
Asbjørn Berge
Carlo Jacobsen

Opplag: 2.000

Forsidebilde:

Det er vinter og
brøytesesong igjen.
Bildet gir et inntrykk
av hvordan arbeidet
foregikk før, da spaden
var viktigste
redskapen. En kan
tydelig se
spadestikkene i
snøtunnelen på
Dyrskar på Haukeli.

Lay-out, trykk
og distribusjon:
Bergens Tidende/
J.W. Eide,
Bergen.

INNHALD:

| | Side |
|---|------|
| Noko å tyggje på i jula | 3 |
| 1980/1981 — hva innebærer årsskiftet? | 4 |
| Vegarbeid i Hordaland 1981 | 5 |
| Ny organisasjonsform på vedlikehold | 7 |
| Veganlegg til 150 millionar opna i Arna | 8 |
| Forbruk 1980 — løyvingar 1981 | 8 |
| Den nye vegdirektøren opna omfattande veganlegg ... | 10 |
| Ny hovedavtale gir økt medbestemmelse | 12 |
| Knuseverket klarte 1m ³ i timen! | 13 |
| Haglesundet bru — luftig arbeidsplass | 16 |
| Nokre tankar om byggjemøte | 17 |
| Mannskap til Holmestrand | 18 |
| Byggemøter — formål og utbytte | 20 |
| Mer om samarbeid | 21 |
| Brøyting i egen regi — nok en gang | 22 |
| Ny stasjonssjef ved Biltilsynet | 24 |
| Vegvesenet må prioritere vedlikehold | 25 |
| Fra Veivesenets historie | 26 |
| Arbeidet i gang på «søndre innfartsåre» | 29 |
| Maskinavdelingen på Holmestrandsbesøk | 29 |
| «Miljøveg» opna i Vaksdal | 30 |
| Politisk ubeslutsomhet et problem | 31 |
| Arbeidsmiljøspalten | 32 |
| Informasjon | 35 |
| EDB i Biltilsynet | 36 |
| Sport | 37 |
| Personallytt | 38 |
| Vi gratulerer | 39 |

Noko å tyggje på i jula

«Feedback» er eit mote-ord. Mange nyttar det, men svært mange veit ikkje kva det tyder. Feedback, eller tilbakemelding, som det vert kalla ein annan stad her i bladet, er ein viktig lekk i informasjonsprosessen. For i det heile å få til ein informasjonsprosess som er til nytte for alle partar er denne lille delen heilt naudsynt. Det er ikkje mogleg, slik mange openbert trur, at ein berre passivt skal ta i mot informasjonsstraumen. Då er det umogleg for den som vil informere å vite om informasjonen har nådd fram, om han er forstått på den rette måten, og om mottakaren har fått vite akkurat det han ville vite. Her er det «feedback» er naudsynt.

Det er ikkje nok å seie «ja vel». Motspørsmål, ønskje om nærare utgreiing, forslag til annan informasjon eller andre informasjonsformer er noko av det den som informerer har behov for å få som «feedback» — det vil fortelje om han har nådd fram. Feedback-momentet kjem inn i dei fleste situasjonar, og det gjeld alle. Det gjeld i det daglege arbeidet, og er kanskje ikkje minst viktig for å oppnå medverknad i avgjerdsprosessen, ei sak som også er teke opp i dette nummeret. Det kjem ikkje mykje ut av å mumle fram iltre tankar på kammerset, det veit dei fleste.

«Feedback» er viktig for å gjera ting betre, som til dømes også «Veg i Vest» og «Driftsnytt». Bruk julehelga til å tyggje litt på kva du kunne tenkje deg annleis og betre. Kva kan eg yte? Det er eit sentralt spørsmål. Til sjuande og sist kan faktisk det vanskelege ordet «feedback» tolkast som ei form for samarbeid, ei form som er særst viktig, både for den parten som informerer og for den som tek i mot informasjon.

Det er elles ei misforståing mange har gjort seg skuld i å tru at informasjonskonsulenten/redaktøren no skal ta seg av alt som har med informasjon å gjere. Det ville ha vore lettvint, så slapp ein å tenkje meir på det. Informasjonskonsulenten har i stor grad ein rådgjevande funksjon. Ho kan hjelpe til med å ta seg av ulike tiltak, komme med framlegg, vera merksam på tiltak som må gjerast o.l., og det er svært ofte informasjonskonsulenten som tek initiativet i slike saker. Men samarbeid må vera eit nøkkelord, skal ein få til dette med informasjon. Det vil seie at ingen er friteken for informasjonsplikta, sjølv om informasjon til dagleg er info.-konsulenten si faste oppgåve. I fellesskap løyser ein mange problem.

Red.



1980/1981 — *hva innebærer årsskiftet?*

Vi nærmer oss slutten av 1980 og det kan være grunn til å se tilbake på året som er gått og samtidig prøve å se framover.

Vi har hatt et godt arbeidsår, og vi har nesten på alle områder nådd de målsettinger vi hadde satt oss. Mange nye vegsamband er åpnet i år, og jeg vil her bare nevne Selbjørn bru, ubrukt vegsamband Knarvik — Brekke om Romarheim, Masfjordvegen, Arnanipatunnelen med tilførselsveger og nytt ferjesamband over Fensfjorden. I tillegg har vi åpnet mange nye parseller på flere av våre hovedårer. Stalheimskleivene er erstattet med ny veg, og vi har åpnet nye parseller i Samnanger, Vaksdal, Ullensvang, Leirvik og mange andre steder.

I alt har vi i år åpnet bort i mot 70 km nye riks- og fylkesveger med en samlet tunnallengde på ca. 13 km. Ca. 20% av de nye vegene ligger i tunnel, og det sier mye om terrenget vi har arbeidet i de siste årene. Det er gjort en stor innsats på veganleggene som trafikantene nå får nytte godt av.

De reduserte bevilgninger til riks- og fylkesveganlegg gir likevel grunn til bekymring for kommende år. Økte bom-

pengemidler og tilskudd fra kommuner gir likevel grunn til optimisme fra 1982 og utover. Spesielt hyggelige er de klare vedtak som er gjort om Øygardsvegen og nordre innfartsåre i Bergen.

Vi har i løpet av året utarbeidet og fått godkjent en lang rekke planer for riks- og fylkesveger slik at forholdene er lagt til rette for bevilgninger som måtte komme.

Vi må imidlertid regne med at anleggsbevilgningene etter hvert vil utgjøre en stadig mindre del av de midler vi får til disposisjon. Alt i 1981 vil trolig vedlikeholdsbevilgningene til riks- og fylkesveger sammen med tilskuddet til ferjedriften nesten komme på høyde med anleggsbevilgningene. Organisering og drift av vegvedlikeholdet må derfor tillegges stor vekt. Et gunstig resultat av den omorganisering som nå skjer på vedlikeholdsavdelingen vil få avgjørende betydning for vår effektivitet i årene som kommer.

Til slutt vil jeg benytte denne anledning til å takke alle ansatte i vegvesenet i Hordaland for godt og konstruktivt samarbeid i året som er gått, og ønske alle en riktig god jul.

VEGARBEID I HORDALAND 1981:

Fleire nye anlegg kjem i gang i 1981

— men talet på anlegg totalt har minka frå i fjor

I vegvesenet i Hordaland slit vi framleis med ein svært lite romsleg økonomi. Etter siste års innstrammingar, ser vi heller ikkje i 1981 teikn til at situasjonen vil snu seg i meir positiv lei. Likevel er det nye anlegg som pregar anleggssituasjonen for året 1981. For så vidt er det ei naturleg følgje av alle dei vegopningane vi kunne skilte med gjennom heile 1980. Vi vil her freiste å gjere greie for litt av arbeidsprogrammet for vegvesenet på anleggssida det kommande året. Det er i første rekkje dei største og viktigaste anlegga som er nemnde. Trafikksikring og bussprioritering er og teke med:

Kva for anlegg tek vi fatt på i år?

Rv. 13 Voss — Bulken

Her skal det byggjast gatetun i Uttrågata. Arbeidet vil gå føre seg i mai — juli.

Rv. 13 og Rv. 552 Eikelandssosen sentrum

Her skal trafikken leggjast om forbi sentrum, og det skal byggjast nytt kryss mellom riksvegane.

Rv. 14 Tilførselsveg til Skjærsholmane

Arbeidet med tilførselsveg til det nye ferjeleiet som skal avlaste ferjeleiet i Leirvik, vil ta til etter ferien 1981.

Rv. 14 Eidsvåg — Vågsbotn

Arbeidet på anlegget tek til etter årsskiftet. Det vil i første omgang omfatte strekninga fra Eidsvåg til bussgarasjane i Ervik. Tilknýttingsveggar i Ervik og støyvoll her er og med i arbeidet. Tunnelarbeidet tek til i november 1981.

Rv. 47 Jøsendal — Kinsarvik

Anlegget vil omfatte ombygging av Hildal bru og tek til etter sommarferien.

E 68 Indre Ålvik — Øystese

Fykkesund bru skal forsterkast. Arbeidet vil venteleg pågå i mai — juni.

E 68 Espeland — Espeland S

Dette er eit såkalla miljøanlegg som vil omfatte fotgjengarundergang, fortau og omlegging av fylkesvegen.

E 76 Austmannalia — Nyastøl

Her skal det byggjast tunnel og veg utanom dei gamle svingane. Arbeidsstart i april.

Rv. 543 Ølensvåg — Utbjoa

Rv. 545 Sandvikvåg — Jektevik

Her skal arbeidet omfatte ny Vistvik bru og utbetring av den gamle veggen. Arbeidet vil gå føre seg frå januar til september.

Rv. 551 Framnes — Little Fosse

Utbedring av eksisterande veg tek til i august.

Rv. 552 Fusa skule

Ny veg skal byggjast forbi skulen, ca. 800 m. Arbeidet tek til i februar.

Rv. 555 Tunnel under Nygårdshøyden

Anlegget er planlagt for bussprioritering mellom sentrum og Puddefjordsbroen og går ut på at eit gammalt tilfluktsrom skal strossast ut til tunnel.

Rv. 556 Birkelandskrysset

Krysset skal byggjast om til to T-kryss, og arbeidet er rekna å koma i gang i mars/april.

Rv. 564 Nyborg — Salhus

Salhusvegen skal utbetrast.

Rv. 566 Haus — Lonevåg

Vegen skal klargjerast for oljegrus, og arbeidet tek til i mai.

Rv. 571 Bulken — Evanger

Arbeidet på ny veg tek til hausten 1981.

Anlegg som vert ferdige i 1981:

Rv. 13 Svabakken — Vaksdal

Den siste strekninga ved Svabakken skal vera ferdig til ferien.

E 68 Haga — Ådland

Sluttarbeid og opprydding blir avslutta i 1981.

Rv. 550 Grimo — Utne

Veg og oppstillingsplass ved Utne og omkøyringsveg forbi Utne sentrum er rekna å bli ferdig til ferien.

Rv. 555 Bjørndalsøyra — Breivikskiftet.

Tunnelane ved Godvik og Breivikskiftet viadukt vert opna til ferien.



Tunnelarbeid blir det mellom anna på to av innfartsårene til Bergen, med Troldhaugtunnelen og tunnel mellom Eidsvåg og Ervik. (Foto: V. Arnesen)

Rv. 568 Leirvåg ferjekai med veg
vert gjort ferdig i 1981. Etterarbeid vil gå føre seg i mars — juni.

Anlegg som elles er i arbeid i 1981:

Rv. 14 Matre — Sogn og Fjordane grense
Anlegget vert drive fram til april, då ein må stoppe på grunn av pengemangel.

E 68 Inndalsvegen
Arbeidet med bussprioritering kan no halda fram.

Rv. 561 Solsvik — Misje
Arbeidet tok til i 1980, og ein kjem i gang med Misje bru i løpet av året.

Rv. 968 Fjøsanger — Hop
Anleggsarbeidet kom i gang i haust, og ein vil ta til med arbeidet på Troidhaugtunnelen i april.

Ny organisasjonsform på vedlikehald

Frå 1. desember har vedlikehaldsavdelinga fått ei ny organisasjonsform. Stabsmøtet på avdelinga fann det naturleg å gå inn for visse endringar, mellom anna for å få avdelinga betre tilpassa til dei oppgåvene ein må rekne med å få i 80-åra. Stabsmøtet såg at ordninga med seksjonar vart for tungvint og for spesialisert, samstundes som nokre av ingeniørane fekk eit urimeleg hardt arbeidspress. Det er og lagt vekt på at den nye arbeidsforma skulle vera betre tilpassa dei andre avdelingane på vegkontoret. Med bakgrunn i dette var det mest naturleg å leggje om administrasjonen frå seksjonar til distrikt med leiingar.

Etter følgjande mønster vil no oppgåvene bli delt:

Nordre distrikt:

Distriktsleiari: O. Bakke (omfattar vegmeister Hauglands område).

Ytre distrikt:

Distriktsleiari: L. Føli (omfattar vegmeistrane Haugen og Haukenes sine område).

Midtre og indre distrikt:

Distriktsleiari: O. Lundstad (omfattar vegmeistrane Sørensen, Knutsen og Øyres område).

Søndre distrikt:

Distriktsleiari: K. Birkeli (omfattar vegmeistrane Ekse og Franssons område).

Brusaker vert tekne over av distriktsleiarane.

Avkøyrster vert tekne over av stabsseksjonen.

Akseltrykk og ferjedrift går direkte under vedlikehaldssjefen i eiga gruppe.

Astaltkontraktar vert Føli sitt ansvar.

Brøyte- og beredskapsopplegg tek Lundstad seg av som før.

Dekkelegging i eigen regi — går over til distriktsleiarane.

striktsleiarane.

Produksjon av dekkemateriell tek Bakke seg av.

Stabsseksjonen, leia av K. Hisdal, får ansvar for alle fellesfunksjonar på avdelinga.

Vidare skal S. Holmedal jobbe i Føli sitt distrikt, Rosnes og Viik hos Lundstad og Kråkenes går til Birkeli.

Endringane vart teke opp på avdelingsmøte i byrjinga av november, og møtet gav si tilslutning til framlegget frå staben, med eit par mindre endringar. Ordninga er no godkjend og sett i verk.

Veganlegg til 150 million

Eit av dei største veganlegga som er avslutta og teke i bruk i år, er Vågsbotn — Indre Arna — Espeland, med Arnanipatunnelen. Ein del av anlegget, Vågsbotn — Festtangen, er teke i bruk tidlegare, men i slutten av november stod alt ferdig, eit anlegg til totalt omkring 150 mill. kroner.

Anlegget som vart opna 28. november, består av Arnanipatunnelen, som er 2142 m lang, 3 km veg mellom Festtangen og Indre Arna og like mykje mellom

Indre Arna og Espeland. Vidare er det Storelva viadukt ved Indre Arna på 165 m og Espeland viadukt på 70 m. Frå før er 7,5 km veg ferdig.

Dette er det største anlegget vi har hatt i Hordaland dei siste åra, fortel anleggsleiart Ottar Midtkandal og oppsynsmann Steinar Drøsdal. Om lag 30 mill. kroner har Arna-anlegget fått årleg dei siste åra, og på det meste har det vore over 70 mann i arbeid! Dei to strekar

Forbruk 1980 — løyvingar 1981

Ved slutten av året ser det ut til at forbruket i vegarbeidsdrifta i 1980 vil bli (talet i parantes syner den reelle endringa i prosent frå året før):

| | |
|-----------------------|---------------------------|
| Riksveganlegg: | 233,9 mill. kr. (÷ 12,8%) |
| Fylkesveganlegg: | 63,0 mill. kr. (÷ 2,8%) |
| Riksvegvedlikehald: | 89,2 mill. kr. (+ 0,25%) |
| Fylkesvegvedlikehald: | 71,4 mill. kr. (÷ 6,2%) |

Det er enno ikkje avklara kva fylket sine løyvingar vil bli i 1981 og kor mykje staten vil løyva i distriktsutbyggingsmidlar, teknisk reserve o.l. Tala nedanfor er difor ei blanding av løyvingar, særbidrag, tilskot og bompengar som vi reknar med vil koma ut over året.

Anlegg:


For anleggsdrifta reknar vi med at det vil stå 273 mill. kr. til disposisjon

i 1981, 229, 5 mill. kr. på riksveganlegg og 43,5 mill. kr. på fylkesveganlegg. Rekna i faste prisar vil dette vera ca. 17,9 prosent mindre enn venta forbruk i 1980.

Vedlikehald:

Løyvingar til vedlikehald i 1981 ser ut til å bli 177,4 mill. kr. 100 mill. kr. til riksvegar og 77,4 mill. kr. til fylkesvegar. Rekna i faste prisar er dette ein reduksjon på 2,2 prosent i høve til venta forbruk i år.

B. Fjelde



Ny borerigg kjem til Hop. (Foto: OM.)

Opna i Arna

under at tilhøva mellom folka har heile tida har vore spesielt fine.

Arbeidet tok til frå Vågsbotn hausten 1972, Arnanipatunnelen tok ein fatt på hausten 1977, med gjennomslag i september 1979, og på siste biten tok ein også fatt i 1977.


Det er eit anlegg med høg standard som no fører trafikken sikkert utanom bustadområde og lokaltrafikk i Ytre og Indre Arna. I samband med den nye vegen er det totalt 6 km gang- og sykkelsti og jordvegar, her er bygd heile 18 kulverta for mjuke trafikantar og for jordbruksføremål, her er to overgangar, ein for fotgjengarar og ein for biltrafikk. Systemet er dessutan lagt opp slik at folk skal komme til og frå busstopp utan å



Siste hand på verket. (Foto: Røa).

krysse vegen. Dei gamle lokalvegane vert nytta til lokaltrafikk og til sykkelstiar.

Ved dette anlegget var det Hordaland fekk sin første støyskjerm, og her finn vi



Arnanipatunnelen kortar inn køyrestrekninga fram til Skyggestrand med 6 km. Biletet er teke ved Tunes og syner tunnelen, den eldste Skyggestrandvegen (i midten) og den nye vegen som har vore nytta på Skyggestrand til no.

vel og fylkets lengste refuge — om lag 1 km *nesten* sammanhengande.

Nær Indre Arna har ein og gjort eit forsøk på å nytte støypt betongrekkverk i staden for guard-rail. Rekkverket fungerer samstundes som støyvern for hus som ligg nedanfor vegen. Betongrekkverka er om lag 80 cm høge og er ei atskilleg rimelegare løysing enn støyskjermar — det dreier seg om ei innsparring på kring 1000 kr. pr. meter.

Lys langs etter heile vegstrekninga var ferdig oppsett til opninga, og Arnanipatunnelen har både lys og ventilasjonsanlegg. Midtkanal og Drøsdal strekar under at samarbeidet med Lysverkene og Bergen kommune heile tida har vore særst godt.

Då Veg i Vest var på vitjing ein av dei første dagane i november, var det meste under full kontroll og siste innspurt med dekkelegging, refugar o.a. i full gang, som bileta syner. Vi vil seinare koma attende til sjølve opninga, som kom for seint til at vi kunne få noko med i dette nummeret.

Røa.



Ny Rv. 560 og E 68 omkring Arna gjer tilværet tryggare for Arna-buar. og gjennomkøyringa lettare for trafikantar. Biletet syner den nye vegen mellom Ytre og Indre Arna, som ein ser i bakgrunnen. (Foto: V. Arnesen)

STORD:

Den nye vegdirektøren Mykje arbeid skal gjerast

Året 1980 har vore kjenneteikna av vegopningar, det kan ein trygt seie for Hordalands vedkomande. Ein av dei siste dette året var opninga av det nye vegsystemet på Stord, der vi var så heldige å få den nye vegdirektøren, Eskild Jensen, til å klippe snora. Dette skjedde litt for seint til at vi kunne få det med i dette nummeret av Veg i Vest, men vi vil koma attende til det i bilete og tekst i nr. 1, 1981.

Anlegget som vart opna den 17. november, omfattar ei heilt ny strekning på Rv. 14 frå Førland (i nord) til Leirvik, om lag 6,4 km, med brua med det artige namnet Trongaste. Vidare er det bygt 1 km av vegen fra Trongaste mot Lønning, den vegen som skal gå vidare til den nye ferjekaien på Skjærsholmane, det er bygt ei omkjøring på 450 meter rundt Leirvik sentrum, Skrivarvegen, og 1,6 km fylkesveg fra Haga til Ådland, like nord for Leirvik.

Totalt har alt dette kosta 33 millionar kroner, fortel Arne W. Epland, som har teke over som anleggsleiar etter at Finn Nitter gjekk av i haust. Med den nye rv. 14 vil det bli 600 meter kortare å køyre nordfrå til Leirvik, men det viktigaste er at ein her har fått ein ny, mykje sikrare veg utanom bustadområda, med trygge, regulerte avkøyrslar.

Trongaste bru er 60 meter lang, med to spenn på 30 meter, og den er heile 17 meter brei. Dette gjev plass til tre køyrefelt (eit avkøyringsfelt i krysset sør for brua) og fotgjengarfelt.

I samband med dette arbeidet vil det også skje ei omlegging av trafikksystemet i Leirvik sentrum. Nedkøyringa til fer-

Den opna omfattande veganlegg

å Stord fram mot 1983

ferjekaien er blitt ei anna, og oppstillingsplassen på ferjekaien er endra, vidare er Borggata stengd av ei buss-rundkøyring i søndre delen, og andre omleggingar vil bli aktuelle med tida. I alle høve vonar ein at Leirvik sentrum med Borggata kan bli ein fredelegare plass for trafikantgrupper av det mjukare slaget.

Framleis står det ein god del arbeid att på Stord. Folka våre er allereide i gang med neste parsell, Lønning — Vabakken, ei strekning på vel 1 km. Denne skal etter planen stå ferdig hausten 1981. Vidare pågår planarbeidet for Vabakken — Veatjønn, også kalla «ny veg bak Langeland skule», og for nedkøyringa til den nye ferjekaien som skal byggjast på Skjærsholmane. Arbeidet fram mot Skjærsholmane vil truleg ta til

til sommarferien, og på haustparten kjem og arbeidet i gang bak Langeland skule. Ferjekaien skal etter planen takast i bruk tidleg 1983. Det førebels overslaget for strekninga Trongaste — Skjærsholmane er sett til om lag 36 mill. kroner. I tillegg til dei større anlegga er det utført ein del utbetningsarbeid på Stord. Det gjeld trafikksikringsarbeid til 3 mill. kroner mellom Frugard og Hystad, og det er bygd over- og undergang ved skulane i Saghaugvegen ved Leirvik. Ved Sandvikvåg ferjekai er det og gjort ein del utbetningsarbeid, det same gjeld strekninga Sandvikvåg — Vistvik, ei strekning på 4,4 km, der den siste biten skal vera fullført i 1981.

Frå 1. desember har Bengt Drageseth teke over anleggsleiinga på Stord.



Frå arbeidet med Trongaste bru, vest for Leirvik. Biletet er teke i oktober. (Foto: Røa).

Ny hovedavtale gir økt medbestemmelse

Av adm. sjef Edgar Aaland

I august d.å. ble det inngått ny hovedavtale for arbeidstakere i staten. Det vesentlig nye i avtalen er den utvidete medbestemmelsesrett for de ansatte og deres organisasjoner.

Hva betyr økt medbestemmelse?

Den økte medbestemmelsesrett betyr at de ansatte for visse saker er gitt beslutende myndighet på lik linje med ledelsen. For andre saker har de ansatte fått utvidet rett til drøftinger eller til informasjon.

I hvilke saker har de ansatte fått medbestemmelsesrett?

I følgende saker har de ansatte fått beslutende myndighet (forhandlingsrett) på linje med ledelsen:

- interne organisasjonsendringer av varig karakter som medfører omdisponeringer av arbeidsstyrke og utstyr.
- fordeling av nye stillinger innen den enkelte virksomhet.
- valg av utstyr og hjelpemidler når det ikke er tale om bygg eller betydelige kapitalvarer.
- velferdstiltak, forslagsordninger, personalreglement og disponering av arealer til arbeidslokaler etc.

I hvilke saker har de ansatte fått drøftingsrett eller rett til informasjon?

Ut over de rene forhandlingssaker skal arbeidsgiver drøfte følgende saker med organisasjonene:

- budsjettforslag
- byggeprosjekter

- langtidsplaner
- valg av utstyr som er betydelige kapitalvarer
- oppsetting av tjenestelister

Videre plikter arbeidsgiver å gi de tillitsvalgte informasjon om:

- regnskap og økonomi
- påtenkte prosjekter
- pågående planlegging
- vedtak i styringsorganer og administrasjon av betydning for de ansatte
- nyansettelser

Organisasjonene plikter på sin side å gi ledelsen informasjon om saker som behandles i organisasjonene og som er av betydning for ledelsen.

Hvordan den økte medbestemmelsen gjennomføres?

Når det gjelder den praktiske gjennomføringen av medbestemmelsen skal det etter hovedavtalen opprettes en særavtale for Statens vegvesen. Særavtalen skal inngås snarest og senest innen 31. desember d.å.

Ved inngåelse av en slik særavtale må det bl.a. tas stilling til:

«om medbestemmelsen skal gjennomføres ved forhandlinger/drøftinger/informasjon gjennom det ordinære tillitsmannsapparat eller om en skal helt eller delvis velge en utvalgsordning.»

Hva vil skje med SU og AMU?

Fra det tidspunkt særavtalen er opprettet vil det nåværende samarbeidsutvalg (SU)

Forts. side 15

Knuseverket klarte 1m³ i timen!


Nils Nonås har samla ei rekkje av reiskapane som før har vore i bruk i vegvesenet

— Rundt om i fylket finst massevis av gamle gjenstandar som vegvesenet har nytta, om ein berre har auga med seg. Vi har funne litt av kvart, ofte ting som folk nærast må stige over til dagleg, uten at dei eigentleg ser dei, fortel Nils Nonås, som i dei siste åra har teke på seg ansvaret for alt av historisk interesse innan vegvesenet i Hordaland. Han er no i gong med å registrere og samle gamle reiskapar og utstyr som har vore nytta i vegarbeidsdrifta i alle år før den «tekniske revolusjonen» sette inn for alvor

etter 1950, og frå fyrste delen av den nye perioden.

Lokalt museum?

Initiativet til slikt arbeid kom frå sentralt hald for nokre år sidan, og det vert sett av ein slump pengar til føremålet. Nonås fortel sjølv at det var etter at han hadde synt interesse for arbeidet med restaureringa av Kossdalsvegen på Osterøy, at han også fekk i oppdrag å ta seg av innsamlinga av ting det kunne vera verd å ta vare på. — Det er først det siste




Nils Nonås er ikkje lite stolt av det gamle knuseverket som han har funne i Eksingedalen. Knuseverket kan framleis nyttast, for motoren er i full stand. (Foto: V. Arnesen)

året eg har fått arbeide skikkeleg med dette, og no ser det ut til å vera i gjenge, seier Nonås. — Målet er i fyrste omgang å samle så mange gjenstandar som mogleg, for seinare å vurdere korleis ein vidare skal leggje dette opp. Spørsmålet er mellom anna om vi skal lage til eit slags museum lokalt, eller om det vi samlar skal gå over til eit vegmuseum som det har vore på tale å byggje på Austlandet.

— Personleg tykkjer eg det ville vera det beste å behalde mest mogleg her i Vestlandsmiljøet, der det høyrer heime. Går det austover, vil ein svært liten del av våre tilsette få sjå noko av det. Eg trur at sjølv om det blir noko av museumsplanane austpå, noko eg ikkje er i mot, så må vi få til noko lokalt også. Det er eit faktum at det er ikkje det same ein har brukt av reiskapar i landsdelane på grunn av at naturen er heilt ulik.

Det daglege slitet

Til no har Nonås funne ein heil del ting som kvar for seg fortel ei heil lita historie om det daglege slitet i vegvesenet før teknikken tok over. Nonås har mellom anna funne ein heil del handreiskapar, og reiskapar som vart nytta til transport finst det ein heil serie av: trillebår med jernhjul, balansetralle på ei skjene,



Ein Allis-Chalmers høvel frå 1951. Høvelen har vore nytta på Strandebarmsvegen, er pussa opp på Stord, og står no i Grasdalslia.

tralle med fire hjul og ei såkalla vegvaktartrillebår, som var velkjend langs vegane før i tida. Med sand og ein spade i kjerra gjorde vegvaktaren jobben sin langs vegane i si tid. — Det eg manglar, og som eg veit at mange hugsar, ein såkalla steinbjørn, som og var ein transportreiskap. Veit nokon om ein slik, så ville Nonås setje pris på å få ei melding om det.

Av løftereiskapar har Nonås vidare fått tak i stubbebrytarar, svingkraner og reiskapar til desse, han har fått ein motorsykel frå 1949, som ein av vegvaktarane nytta, og han har funne ulike skrapar, ei som vart trukke av to hestar, og skrapar som vart slept med lastebil eller traktor.

«Godbiten»

I Rådal har ein no pussa opp ein Dravn motorveghøvel frå 1942, den første hydrauliske motorveghøvel i fylket. Men «godbiten» er nok, etter Nonås si oppfatning, eit komplett norskbygd knuseverk av typen Dravn nr. 2, type C. Dette er den første norske modellen som vart bygd, fortel Nonås, og han kjem frå Drammens Jernstøperi. Vi har og bensinmotoren som dreiv knuseverket, ein 6 1/2-8 HK Trygg. Heile utstyret er frå 1920-åra. Knuseverket hadde ein produksjonskapasitet på 1 m³ knust masse pr. time. Til samanlikning har knuseverket i Vallavik i dag ein produksjonskapasitet på ca. 80 m³ i timen!

Nonås har og funne utstyr nok til å kunne rekonstruere ei gammal anleggssmie. Smia sytte for å halde anleggsutstyret i brukbar stand, der fekk ein t.d. kvessa og herda stålet til bora. Dyktige smedar var ettertrakta, av di dei betydde alt for ei effektiv anleggsdrift.

Det er og funne ein del instrument som ingeniørane nytta før, som wrede, nivellerspegel og -kikkert og teodolitt, som også er eit nivelleringsinstrument. Det er og funne ein del gamle vegplanar

frå førre hundreåret, gamle bilete og ein del kontorutstyr. Dei gamle milepelane som stod langs etter vegen er og dukka opp mange stader. Fleire av desse er pussa opp og vert sett ut att ved vegkanten. Dette er m.a. gjort i Sunnhordland.

Mykje av utstyret elles er funne i Ekingedalen og i Modalen, der det er «gløymt».

Von om utstilling

No kjem Nonås til å lagre samlinga si i garasjen i Grasdalslia ved Gullbotn. Ein gong vonar han å få i stand ei utstilling, slik at alle tilsette i vegvesenet skal få høve til å sjå samlinga. Nonås peikar på at han i dette arbeidet har møtt ei svært positiv haldning frå leiinga og at han har fått god hjelp frå folk ute som har vore vakne og gitt han gode tips. Likevel strekar han under at folk framleis må vera merksame på gamle ting. Her kan vera mangt som ikkje er kome for dagen ennå. — Har nokon t.d. sett den gamle steinbjørnen som han etterlyser? Dette og andre tips er Nonås interessert i, det er berre å melda frå.

Røa.



Nokre gamle milepeler er allereide pussa opp og sett på plass att, som denne, som står på Rv. 514 like utanfor Ølen.

Forts. fra side 12

...ny hovedavtale gir økt medbestemmelse

opphøre. Dette gjelder uansett hvilket opplegg som blir fulgt ved gjennomføringen av medbestemmelsen.

Arbeidsmiljøutvalgets (AMU's) skjebne vil avhenge av om en velger en forhandlings- eller en utvalgsløsning. Alternativen er:

— dersom en gjennomfører forhandlingsordningen fullt ut, vil AMU bestå og ta seg av de saker arbeidsmiljøloven lister opp. Det er imidlertid gitt anledning til å overføre en del vesentlige saker som f.eks. bedriftshelse- og vernetjenesten fra AMU til forhandlingsordningen. En slik overføring må i så fall vedtas i særavtalen.

— dersom utvalgsordning velges helt eller delvis, skal arbeidsmiljøutvalgets oppgaver legges til utvalget. Utvalget skal settes sammen av like mange representanter for arbeidstakerne og ledelsen og skal ikke ha flere enn 12 medlemmer.

Som nevnt ovenfor skal forhandlingene om en særavtale for Statens vegvesen være avsluttet innen utgangen av 1980. Særavtalen trer i kraft umiddelbart etter at den er underskrevet.

Til særavtalen er opprettet, vil samarbeidsutvalgene fortsette å fungere som samarbeidsorgan.

Haglesundet bru — luftig arbeidsplass

Brua er for tida største betongarbeid i Hordaland

Haglesundet bru, som skal knyte saman Flatøy og Knarvik i Nordhordland, er det største betongarbeidet vegvesenet i Hordaland har i gang for tida. Det arbeider i alt 30 mann på anlegget, leia av oppsynsmennene E. Noremark, T. A. Thoresen og Litleskare. Noremark er leiar for anlegget.

Anlegget består av to entreprisar, ein betongentreprise som omfattar tårnet,


viaduktane og kabelforankringane, og ein stålentreprise for hengjesspenet, kablane og dekket i hengjesspenet.

Noremark fortel til «Veg i Vest» at ein reknar med å vera ferdig med entreprisarbeidet i slutten av 1981. Då vil ein del arbeid for vegvesenet stå att. Eit vegkryss i samband med tilslutninga til brua må opparbeidast på Knarviksida, men for å få dette til, må det hentast massar frå Flatøy-sida. Med andre ord: brua må vera køyrbar først. Noremark meiner at dette arbeidet vil vera ferdig våren 1982.

Arbeidet på Haglesundet bru (ikkje Hagelsundet, etter det ekspertane seier) tok til i juni 1979. Arbeidet på denne nokså luftige arbeidsplassen har stort sett gått bra, men i det siste er det oppstått visse vanskar med å halde den avtalte tida. Betongarbeida skulle ha vore ferdige, slik at stålarbeida kunne ha teke til frå 1. oktober. No er denne datoen endra til 1. desember. Likevel meiner Noremark det skal vera mogleg å halda den fastsette sluttdatoen.

Den som har sett brua slik ho står i dag, vil sjå at ho allereide ruver godt i landskapet. Hovudspennet på brua blir på 250 meter. Den vil få ein viadukt på Knarviksida på 310 meter, og på Flatøy-sida på 76 meter. Tårna er 80 meter høge, og brua vil få ei fri seglhøgde på 50 meter. Det vil seie at her vil bli plass for store båtar når Salhusbrua ein gong kjem.

Dei totale kostnadene for brua vil



Biletet syner litt av korleis arbeidsplassen til denne karen «Svever over vanne». Biletet er teke mot Flatøy-sida. (Foto: V. Arnesen)



Bileta av Haglesundet bru er tekne i oktober. I dag vil nok situasjonen vera litt annleis, av di betongarbeida skal vera avslutta no.


(Foto: V. A.)

koma på omkring 42 millionar kroner. Når denne brua er ferdig, vil det vera landfast samband mellom Holsnøy, Flatøy og Knarvik.

Røa.

Tårna på Haglesundet bru er 80 meter høge.

(Foto: V. A.)



ORDET FRITT

Nokre tankar om byggjemøte

Av Margrete Axelsen

Konrad Ulvatn har eit innlegg om byggjemøte i siste nummeret av Veg i Vest. Eg har og vore på eit par byggjemøte og har lyst til å kome med nokre personlege synspunkt på korleis eg ser på slike møte.

Først er det altså synfaring, og eg kan langt på veg vere samd med Ulvatn i at dei som skal vere med på sjølve møtet, bør vere med på synfaringa. Ofte kjem det opp saker på møtet som ein såg på synfaringa, og tillitsmannen vil sjeldan ha full oversikt over anlegget, særleg ikkje dei større anlegga.

Ei anna sak er at tillitsmannen kanskje burde ta seg ein tur på eiga hand, gjere seg kjend med anlegget og folka som jobbar der, og ikkje vere med i den «saueflokken» som rusler rundt på synfaringa. Tillitsmannen vil og venteleg få betre greie på ting som rører seg. Synspunkt og meiningar vil kome meir ope fram.

Eg opplevde og mykje prat om økonomi og prosessar på byggjemøtet, og for å vere ærleg hadde eg sers vanskeleg for å halde meg vaken ei stund. Kanskje denne delen av drøftinga burde vere berre mellom anleggsstyrar og oppsyn? Det har lett for å bli detaljar. På den andre sida vil slike detaljar ofte vere så konkrete at tillitsmannen verkeleg har merknader å kome med.

Det er likevel ikkje alltid lett å få fram desse merknadene. Sjølv om ein «tør» seie frå, blir ein kanskje ikkje høyrte. Ulvatn tykkjer at det er lite populært med spørsmål frå tillitsmannen. Men det kan vere andre ting enn vrangvilje hos leiinga som gjer at svara blir stutte eller at leiinga går i «forsvarsstilling». Møta har ein tendens til å trekkje ut, og tida blir knapp.

Viktig er det og som Ulvatn peiker på, at ein freistar å ta opp saker etter kvart og ikkje samlar dei opp til eit byggjemøte.

Ulvatn er skuffa over møta som han trudde skulle vere eit samarbeidsforum. Og her trur

Mannskap til Holmestrand

Eit svar til J. Helle

Av Einar Ytre-Arne

John Helle retta i førre nr. av Veg i Vest til dels skarp kritikk til både tillitsmenn og vegadministrasjon for framgangsmåten som vart nytta ved uttak av mannskap til Holmestrand.

Som Helle truleg kjenner til har det frå Hordaland vegkontor si side vore arbeid sterkt for at denne tunnelen skulle drivast i eigen regi, og med mannskap frå Hordaland på grunn av den vanskelege sysselsettingsstoda vi no er inne i. Men

eg at vi har den viktigaste grunn til misnøyen. Det er ulike forventningar til desse møta — anleggsleiinga har ei og tillitsmannen ei anna. Kanskje er ingen nøgde med den formen møta har i dag? Eg forstår Ulvatn når han seier at dei tilsette må få vere med i planlegginga av arbeid og drift. Det gjeld medverknad på eigen arbeidssituasjon. Men er byggjemøtet det rette forum for denne medverknaden?

Eg meiner at i staden for å kritisere slike møte, (Ulvatn er ikkje den einaste som har gjort dette, sjølv om ikkje alt kjem på trykk), bør vi sjå nærare på føremålet eller hensikten med byggjemøtet:

- kvifor har vi byggjemøte (kva vil vi med dei)
- korleis skal møta vere (form og innhald)
- kven skal vere til stades på møta

Det var leiinga ved vegkontoret som fekk i gang byggjemøta. Eg går ut frå at dei kjende ein trong for slike møte. Leiinga er difor dei rette til å gje svar på kvifor vi har slike møte. Når det er gjort, må vi vurdere sjølve møtet, og eg vonar at vi kan få i gang ein diskusjon om dette her i bladet og i vegvesenet elles.

tek vi først på oss ei slik oppgåve må vi også gjennomføra arbeidet på ein måte som vi kan vera bekjent av, dvs. at vi må gjera arbeidet like godt, eller helst betre enn ein entreprenør kunne gjort det. Ein føresetnad for eit godt resultat er mellom anna at dei som er med på drivinga av tunnelen også er viljuge til å vera med på etterarbeida. For å unngå seinare diskusjonar om dette fann vi det rett å ta denne føresetninga med alt i utlysinga. At Helle finn å måtte setja eit spørsmålsteikn til dette, som han kallar ein «skremmeparagraf», finn eg ikkje nærare grunn til å kommentera.

Så over til sjølve uttakinga av mannskap. Det er rett som Helle nemner at det melde seg over 60 interesserte til dette arbeidet, og eg vil gjerne i samband med dette få fylgja opp vegsjefen når han i bedriftsavisa uttalar at det var gledeleg å sjå den sterke vilje tunnelfolka våre hadde til denne flyttinga.

Endå gledelegare er det no å sjå den innsatsviljen som desse folka i Holmestrand har vist, trass i vanskelege arbeidsforhold.

Eg har likevel ingen grunn til å tru at dei tunnelmannskapa som no er i Holmestrand er betre eller dårlegare enn andre tunnelarbeidarar tilsett i vegvesenet. Uttaket av desse mannskapa vart gjort på vanleg måte, dvs. at vi tok omsyn til kvalifikasjonar, bustadforhold, lagsamansetning m.v. På grunn av sers

Byggemøter — formål og

Av Nils H. Sellevoid

I forrige nr. av Veg i Vest stiller Konrad Ulvatn spørsmål om nytten av byggemøteordningen. Jeg forstår hans konklusjon slik at han mener de ikke har den ringeste verdi.

Når en skal vurdere om et møte har en verdi, må en først ha klart for seg hvilket formål en hadde med møtet. Byggmøtedeltakerne vil vanligvis representere ulike nivåer i vår organisasjon, hver med sine spesielle arbeidsoppgaver og ansvarsområder. Det er da naturlig at verdien blir vurdert på ulike grunnlag.

For å belyse dette forhold kan det være nyttig å se litt tilbake på hvordan byggemøtene har utviklet seg. Det har nok alltid vært holdt møter på anleggene. Når ingeniøren «i gamle dager» kom på besøk hadde han en samtale med oppsynsmannen om utført arbeid, og hovedtrekkene i driften framover ble trukket opp. Dette kan man si var de første byggemøtene, men hva som ble sagt eller bestemt forble mellom ingeniør og oppsynsmann. For å få registrert hvilke disposisjoner og tekniske avgjørelser som ble foretatt og hvordan økonomien på anleggene var, ble det i slutten av 60-årene besluttet å opprette en ordning med mer eller mindre faste byggemøter. På disse møtene deltok vanligvis anleggssjef, anleggsbestyrer, driftsplanlegger og oppsynsmann. Hensikten med møtene var at anleggssjefen og vegkontorets ledelse skulle bli bedre kjent med detaljene i anleggsdriften, få diskutere driftsopplegget på anleggene og samtidig ha en kontroll med at planen og bevilgningen ble fulgt. Møtet var m.a.o. ment som et styringsredskap for ledelsen, og et hjelpemiddel for anleggsledelsen.

Etter hvert som bevilgningene steg og kravet til effektivitet, kvalitet og økonomisk styring økte utover i 70-årene økte også betydningen av byggemøtene sett fra ledelsen på hovedkontorets side. Anleggssjefen hadde ikke lenger tid til å delta på alle byggemøtene etter som tallet på store anlegg steg. Antall byg-

gemøter varierte fra anlegg til anlegg, innholdet var forskjellig fra møte til møte, og vedlikeholdsdriften var ikke omfattet av byggemøteordningen. For å få en ensartet gjennomføring ble det i 1975 utarbeidet retningslinjer for byggemøtene. Hovedpunktene i disse kan summeres i følgende stikkord:

Informasjon
Diskusjon
Korreksjon
Regularitet
Referat

Det er her i enda større grad enn tidligere lagt vekt på at byggemøtene skal være et hjelpemiddel til styring av anleggsdriften. Minimum antall deltakere skulle være anleggsbestyreren og oppsynsmannen, men normalt ville distriktslederen og driftsplanleggeren også delta.

Etter hvert som møtene ble innarbeidet som faste innslag i driften kom det krav fra bl.a. Arbeidsmannsforbundet om å få delta i møtene. Jeg tror dette skyldtes ønsket om å få større innsikt og å være til stede der avgjørelser som angikk driften ble tatt. Her foregikk utveksling av informasjon, her ble framtidig drift og vurdering av resultater diskutert, her ble i noen grad gitt ros eller ris til anleggsledelsen, og det ble skrevet referat som gikk videre til bl.a. anleggssjef, driftssjef og vegsjef. Dette var m.a.o. et forum som hadde innflytelse. Etter en forutgående diskusjon ble det enighet om at tillitsmann og senere også verneombud skulle delta på byggemøtene. Møtene fikk fra nå av en flersidig funksjon. De ble et forum for informasjon videre ut i driften, og arbeidstakernes representanter fikk anledning til å komme med sine synspunkter og kommentarer. Det ble innført eget punkt på referatene for tillitsmann- og verneombudsmerknader.

Byggemøtenes formål er m.a.o. blitt flere i forhold til det som opprinnelig var tenkt. Når Ulvatn mener at de er uten verdi, er vel dette

utbytte

vurdert på bakgrunn av hans syn på hensikten med byggemøtet, nemlig at det skulle være et samarbeidsforum. Men dette er bare ett av formålene med byggemøtene, og etter min mening ikke det viktigste. Samarbeidet mellom ledelse og arbeidstakere i driften er en daglig, kontinuerlig prosess som må være helt uavhengig av om det blir holdt byggemøter eller ikke.

Det er derfor naturlig at det på byggemøtene ikke er særlig mange merknader fra tillitsmann eller verneombud. Men dersom det er kommentarer under møtene som ikke kommer med i referatet bør vel dette tas opp under godkjenningen av referatet på neste møte, i stedet for å så tvil om referentens redelighet slik som Ulvatn gjør.

Det er likevel beklagelig dersom samarbeidsaspektet ved byggemøtene ikke fungerer, og jeg er glad for at Ulvatn bringer dette opp til diskusjon. Det ville være ønskelig om også andre kom med synspunkter, men jeg vil da be om at en har byggemøtenes flersidige funksjon i tankene. Det er helt sikkert rom for forbedringer og effektivisering av møtene, men en forutsetning for en meningsfylt diskusjon er at begge parter har tillit til hverandre og at en oppriktig ønsker å ha et godt samarbeid.

Dersom Ulvatn virkelig mener at byggemøtene ikke har den ringeste verdi for tillitsmann og verneombud, burde vi vel gjøre slutt på ordningen om at de skal delta, og heller la møtet få tilbake sitt opprinnelige formål. Men det var vel ikke hensikten?

Til slutt vil jeg gjerne få nevne ordningen med allmannamøter som blir holdt på de fleste arbeidsplassene våre. Disse har som formål å informere og å få en meningsfylt diskusjon mellom anleggsledelsen og alle arbeidstakerne samlet om et hvilket som helst forhold ved driften som er av interesse. Er dette også så store, tungroddede møter at de er uten verdi? Jeg håper ikke det.

Mer om samarbeid

For Hovedtillitsmannsutvalget og arbeidsutvalget i avd. 6 v/Hermann Lund

Som driftssjef Søilen nevner i sitt innlegg i Veg i Vest nr. 3 1980, tok hovedtillitsmannsutvalget opp samarbeid — samarbeidsproblemer i et forhandlingsmøte våren 1980.

Nå er det slik at partene i arbeidslivet, representert ved tillitsmenn/tillitsmannsutvalg på den ene siden, og ledelsen på den andre, har klare forpliktelser til samarbeid. Mer utførlig står det om dette i hovedavtalens §3, pkt. 1, avsn. 2 (Hovedavtalen av 1977): «Tillitsmennene har i likhet med administrasjonens ledelse og den som overfor de ansatte opptre på etatens vegne, plikt til å gjøre sitt beste for å skape og opprettholde et godt samarbeid på arbeidsstedet.»

Når Arbeidsmandsforbundet gjennom hovedtillitsmannsutvalget reiste spørsmålet, var det på grunn av at vi hadde lagt merke til de nevnte «telekuler», samt at vi også på forskjellige plan i driften hadde registrert ujevnheter.

Spørsmålet ble derfor reist ut fra den forpliktelse vi har etter hovedavtalen, og ellers i ønske om å rydde unna de feil/misforståelser som måtte finnes. Hvor feilen(e) lå har vi vel ikke gitt uttrykk for. Vi mente derimot at en sak alltid har to sider, og at de feil/misforståelser som måtte finnes, like gjerne kunne legges oss til byrde, som ledelsen. Gjennom åpenhjertige drøftinger mellom partene hadde vi håp om å kunne luke ugraset

Brøyting i egen regi — nok

I Veg i Vest 2/80 la jeg fram noen betraktninger om vegvesenets måte å turnere brøytejenseten i egen regi på, og forholdet til arbeidsmiljøloven, 1/5-regelen og private kontraktører.

Dette blir i siste nummer av ViV karakterisert av driftssjef Søylen som påstander uten reelt grunnlag og med en svak og usammenhengende argumentasjon. Særlig går det ut over min regnemåte når jeg fastsetter egenandelen av brøyting i egen regi til 4,6 prosent.

Mitt regnestykke tar utgangspunkt i veglengde, som Søylen antyder. Regnemåten kan ha svakheter ved seg, men jeg vil peke på at det regnskapet Søylen legger fram vel heller ikke kan få karakteren tilfredsstillende når han bruker prosess 91, uten å sile ut *brøyting med lastebil*, som jo er det reelle utstyr å

trekke sammenlikninger ut fra. Som kjent er det *det* brøyteutstyret vi i dag leier, og dermed den delen av brøytejenseten som pr. i dag er overført til kontraktører.

